



### 2.2.7.3

# Supplerande nominasjon – val av lek kyrkjeleg tilsett

Val av bispedømmeråd og Kyrkjemøtet

Sjå *Regler for valg av bispedømmeråd og Kirkemøtet (bdr)* §§ 6-1-6, 6-1-7, 6-1-8 og 6-1-4.

Etter at nominasjonskomiteen har lagt fram si liste 1. mars 2015, skal det opnast for supplerande nominasjon til denne lista. Det blir gitt ein frist på to månader for å kome med forslag på supplerande kandidatar, fram til *1. mai 2015*.

Valrådet skal så snart som råd etter 1. mars 2015 kunnjere høvet til å fremje kandidatar ved supplerande nominasjon. Desse kandidatane kjem i tillegg til dei som er nominerte av nominasjonskomiteen.

Forslaga skal sendast til valrådet i bispedømmet.

Det krevst minimum ti forslagsstillarar, sjå nedanfor. Forslagsstillarane må velje ein tillitsvald som kan vere kontaktperson for valrådet.

Etter at fristen for supplerande nominasjon har gått ut, stiller valrådet opp den endelege kandidatlista, seinast *8. juni 2015*.

#### **Forslag på kandidatar ved supplerande nominasjon skal oppfylle desse krava:**

- Forslaget skal vere eigenhendig underskrive av minst ti røysteføre forslagsstillarar frå minst to ulike prosti i bispedømmet.
- Det skal vere tydeleg oppgitt kva val det gjeld.
- Forslaget kan innehalde maksimalt eitt namn.
- Den føreslåtte kandidaten skal vere oppført med fullt namn, stilling, kyrkjelyd og alder.
- Det skal følgje med stadfesting av at kandidaten er blitt spurdt om å stille som kandidat.

Frist for supplerande nominasjon: *1. mai 2015*.

#### **Andre føresegner:**

Eit forslag ved supplerande nominasjon må ikkje ha forslagsstillar felles med andre forslag.

Så framt forslaget har kome inn før fristen har gått ut, og forslaget fyller vilkåra i §§ 6-1-7 og 6-1-4 (sjå punktlista ovanfor), skal valrådet føre kandidaten opp på den endelege kandidatlista.

#### **Presentasjon av kandidatane / innhenting av kva syn kandidatane har på aktuelle kyrkjelege spørsmål**

Forslagsstillarane sender inn opplysningar som kan gi ein presentasjon av kandidaten som svarer til presentasjonen av kandidatane frå nominasjonskomiteen, jf. bdr § 6-1-4. Valrådet innarbeider desse opplysningane i den samla presentasjonen av kandidatane.

Det er utarbeidd eit standardskjema for opplysningar om kandidaten og liste over forslagsstillarar til bruk når ein vil føreslå kandidat ved supplerande nominasjon, skjema 2.2.7c *Forslag ved supplerande nominasjon (BDR – val av lek kyrkjeleg tilsett)*. Skjemaet kan lastast ned frå [www.kyrkjevalet.no](http://www.kyrkjevalet.no) / [www.kirkevalget.no](http://www.kirkevalget.no) og finst på nynorsk og bokmål. I tillegg skal opplysningar om kandidaten fyllast inn i skjema 2.2.5 *Skjema for presentasjon av kandidatar (BDR)*. Kandidatane skal også presenterast med bilete.

Dei spørsmåla valrådet har stilt til kandidatane om aktuelle kyrkjelege spørsmål, bør nyttast, jf. bdr §§ 2-6-7 og 2-9. Kandidatane frå nominasjonskomiteen og eventuelle supplerande kandidatar skal presenterast på same måten.

Det er valrådet som fastset kva spørsmål som skal stillast til kandidatane, jf. bdr § 2-6-7. Forslagsstillarane må innhente svar på spørsmåla frå sin kandidat og gjere det klart for vedkomande at svara skal brukast i den offentlege presentasjonen av kandidaten.

Materiell omtalt i denne rettleiinga som finst på [www.kyrkjevalet.no](http://www.kyrkjevalet.no) / [www.kirkevalget.no](http://www.kirkevalget.no):

- Skjema 2.2.7c *Forslag ved supplerande nominasjon (BDR – val av lek kyrkjeleg tilsett)*
- Skjema 2.2.5 *Skjema for presentasjon av kandidatar (BDR)*